



DEN NORSKE KYRKJA

Kaupanger Sokneråd

Kaupanger 17/1 2020

Referat frå møte i Kaupanger Sokneråd

Møtedato: Tysdag 14.01.20.

Møtetid: Kl. 18.00 - 20.00

Møtestad: Gamleskulen i Kaupanger

Til stades: 1) Einar Skeie, leiar 2) Rasmus Stokke, skrifvar 3) May Kristel Bødal, nestleiar 4) Margunn Lomheim, medlem 5) Terje Hauståker, kasserar 6) Marie Bukholm, medlem, 1 vara) Inger Johanne Talle, Vegard B. Lie - sokneprest

Opning:

- Velkomen og gjennomgang av saklista v/Einar
- Ord for dagen ved Vegard

Sak 01/20 Godkjenning av innkalling og referat frå møtet 27.11.19.
Godkjent

Sak 02/20 Endringar/oppdateringar av Gudstenesteplan og møteplan frå 19. januar og ut mars 2020
Oppdatert plan vert sendt ut av Einar i etterkant av møtet. Datoane er desse:

19/1 Familiegudsteneste v/Geir Paulsen og Birte Husum
2/2 Gudsteneste v/Kathrine Valle.
11/2 kl. 1900 Nytt soknerådsmøte. Ove Bukholm vil orientere om Stedjetunet
16/2 Gudsteneste v/Kathrine Valle
1/3 Gudsteneste v/Kathrine Valle
10/3 kl. 1930 Kyrkjelydsfest og årsmøte på Bedehuset
24/3 kl. 1900 Soknerådsmøte
29/3 kl. 1930 Kveldsgudsteneste, salmekveld v/Kathrine Valle
31/3 kl. 1700 Fasteaksjonen. Konfirmantane går. Soknerådsmedlemmene møter 1630.

Sak 03/20 Vidareføring av besøksteneste i 2020 for jubilarar som fyller 80 år og 90 år. Utdeling av liste og fordela besøka på alle medlemene i SR fram til sumaren.
Ein vedtok å vidareføre besøkstenesta. Liste over jubilarar blei delte ut, og besøka blei fordelte mellom soknerådsmedlemene ut august.

Sak 04/20 Status for økonomien i SR - må vi auke talet på offergåver til kyrkjelydsarbeidet for å dekke opp dei samla utgiftene vi har gjennom eit år? Kasseraren informerer om stoda

Rekneskapet for 2019 er førebels ikkje gjort opp. Totalt vart det teke inn vel 58 000,- i offergåver der i underkant av 20 000,- har gått til kyrkjelydsarbeidet. Rekningar for trusopplæringa er m.a ein post på knapt 12 000, og til diakonstillinga 9200,-. I tillegg kjem utgifter til gåver i besøkstenesta for eldre, gåver til frivillige medarbeidarar og tilsette før jul. Status pr. i dag kan tyde på at rekneskapet vert gjort opp med nokre få tusen kroner i minus. Det vil tære ein god del på tidlegare avsetjingar. Ein diskuterte om ein kunne spare noko på blomstergåver til jul til dei tilsette på kyrkjekontoret, og heller gi ei fellesgåve. Ein diskuterte å gi tydlegare informasjon om høve til å bruke Vipps ved ofring, og at det kunne gi auka offerinntekter. Og ein diskuterte å prioritere ekstra offer til kyrkjelydsarbeid då det er engasjement for å støtte det lokale arbeidet.

Konklusjon: Ein vil prøve å vere tydelegare på informasjon om å kunne bruke Vipps. Ein vil vurdere å prioritere ekstra offer til kyrkjelydsarbeidet.

Sak 05/20 Korleis har dei siste gudstenestene fungert?

Julafta: Kl. 1200: Då var det mange barnefamiliar til stades, og ikkje tydeleg lagt opp til at det var ei familiegudsteneste(91 frammøtte)). Tilbakemelding om at det vart vel alvorstungt og mange urolege barn. Kl. 1600. Positive tilbakemeldingar, og god stemning i kyrkja (116 frammøtte).

Få frammøtte andre juledag, ca 16 stk.

Korleis har vi det i soknet vårt, kan noko gjerast annleis? Har hatt relativt stabilt besøkstal i kyrkja. Ein del av dei tidlegare songkreftene har flytta, og det er eit mål å få inn nye songkrefter og meir song og musikk. Innspel om å lage salmekveld i kyrkja. Kulde er eit vedvarande problem. Ein diskuterte om det er mogleg å kunne lagre pledd som ein kan ta fram når det er kaldt.

Sak 06/20 Orienteringssaker:

a) Kyrkjegardsbygget: Siste frå kyrkjevevja er at kyrkjegardsbygget er i dårleg stand. Det vil svare seg å rive eksisterande bygg og setje opp nytt. Kommunen jobbar med detaljar og er i kontakt med RA og Fylkeskommunen. Avventar informasjon om tidspunkt for byggstart . Teknisk rom kan ein halde på? Må utvide handicaptoalettet. Må truleg ha ryddedugnad, som organiserast av soknerådet. Kan oppbevare ting i kjellaren på fjøset til Knaken. Ikkje mykje å ta vare på. Gunnar Stundal vil kunna delta på byggemøta med kommunen.

b) Gudsteneste i Stedje 12.01. med avslutning for Kjetil Netland som prost og innsetting av Geir Paulsen som ny prost. Biskop H. Nordhaug deltok også. Kyrkjekaffi etterpå. Einar orienterte. Fleire frå soknerådet deltok. Ca 100 i kyrkja og lett og verdig stemning. Det kunne vore fleire i kyrkja sidan det var prostigudsteneste, men det var kollisjon med arrangement på Lyngmo.

c) Babysong. Eit godt tiltak, og ein har hengt opp plakatar på aktuelle plassar.

d) Barnebursdag i kyrkja. Dette er tiltak i trusopplæringsplanen 6-10 år når kyrkja er heilt og halvt 10-år. Konklusjon: Vegard og Birte jobbar vidare med det, og arbeider det inn på planen ein søndag eller laurdag rundt pinse. Kan knytast til 830- årsjubileum for kyrkja. Men det var diskusjon om det heller er eit 880- årsjubileum viss byggstart for kyrkja var i 1140.

Sak 07/20 Ymse: Medlem og varamedlem til forstandarskapen i stiftinga Stedjetunet.

Dei tre sokna Norum, Stedje og Kaupanger har aksjar i stiftinga Stedjetunet. Forstandarskapet er generalforsamlinga til stiftinga sitt styre, og skal veljast no. Britt Elin Yttri er ikkje på val, står ut 2021. Eivind Ruud går ut, og ønskjer ikkje attval. Kenneth Bjørk går ut og ønskjer ikkje attval. Vara: Tone Systad Sætre er på val. Einar Skeie er ikkje på val, står ut 2021.

Konklusjon:

Marie Bukholm går inn som medlem

Arnstein Hauståker vert spurd om å gå inn som medlem. (Terje spør)

Tone Systad Sætre vert spurd om å gå inn som medlem viss Arnstein seier nei

May Kristel Bødal går inn som vara for Tone viss ho blir medlem eller ikkje ønskjer å halde fram som vara. May Kristel går og inn som medlem viss korkje Arnstein eller Tone ønskjer å bli medlem.

For Kaupanger Sokneråd

Rasmus Stokke
- skrivar -

Einar Skeie
- leiar -